

---

## NOTAT

---

**Til:**

Styringsgruppa for kommunereform i Granvin

**Frå:**

Trude Hoflandsdal Letnes  
Rådmann  
Rådmannen

**Dok.dato:** 27.03.2015

**SaksID-dok.nr.:** 14/262-36

---

### REFERAT FRÅ STYRINGSGRUPPEMØTE 16.3.15

**Til stades:**

Ingebjørg Winjum  
Lars Bjarte Røystrand  
Atle Seim  
Randi Kalsaas  
Martin Hamre  
Marianne Espeland

Trude Letnes, skrivar

**Sak 10/15 Informasjon**

Ordførar Ingebjørg Winjum informerte frå samtalen som har vore mellom ordførarane og om dei ulike heradsbesøke som denne gruppa har gjort.

Ordførarane og rådmennene har reist rundt i dei fire kommunane for å få ein større forståing og innsyn i dei ulike herada sine utfordringar og investeringar.

**Sak 11/15 Analyse av styrker/svakheiter og truslar/moglegheiter**

Som førebuing til samtalar og forhandlingar med dei andre kommunane har styringsgruppa gått igjennom styrker og svakheiter/moglegheiter og truslar for Granvin. Analyse kan nyttast som ei klargjering av eigen posisjon.

Det er viktig å halde fast ved styrkene til Granvin og ta desse med seg inn i ny kommune. Det er også viktig å nytta moglegheitene som er løfta fram som utgangspunkt for langsiktig planlegging i den nye kommunen. Svakheteine og truslane vil ein måtte stå saman om å løysa. Nokre av dei kan løysast berre ved å bli ein større kommune (små og sårbare fagmiljø). Andre svakheiter vil vere like for alle kommunane og ein vil måtte jobbe fram felles strategi for å løyse dei (folketalsreduksjon).

Interne faktorar	<b>Styrker</b>	<b>Svakheiter</b>
	Nøkttern Kreativ Gode tenester Oversiktleg samfunn og kommune. Midt i smør-øye geografisk Godt samarbeid med og mellom dei frivillige. Dugnadsånd Nøgde innbyggjarar	Liten i folketal Små fagmiljø, som gjer heradet (og næringslivet) sårbart. Heradet har trong økonomi.
Eksterne faktorar	<b>Moglegheiter</b>	<b>Truslar</b>
	Kommunereform. Geografi, nærleiken til Voss. Nye byggjefelt. Interkommunale samarbeid	Ein plass ein berre kjører igjennom. Fraflytting- Kommunereform. Endring i kommunenes inntektssystem. Bompenger.

### **Sak 12/15 Innbyggjarinvolvering**

I Ulvik planlegg dei ei spørjeundersøking våren 2015. Styringsgruppe ynskjer at ein samarbeider med Ulik og gjennomfører ei slik undersøking i Granvin også.

Lag og foreiningar er invitert til å delta o diskusjonen. Dei vil bli invitert til neste styringsreuppemøte.